

MØTEPROTOKOLL

| | | |
|------------------|----------------------------|---------------------------|
| Utval: | Personal og økonomiutvalet | |
| Møtestad: | kommunehuset | |
| Møtedato: | 17.11.2003 | Tid: 08.00 - 15.30 |
| | 19.11.2003 | Tid: 08.00 - 15.30 |

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Den 17.11.03: Av medlemmer møtte 5 , inkl.0 varamenn:

Den 19.11.03: Av medlemmer møtte 5 inkl. 1 varamenn:

Desse medlemene møtte ikkje:

19.11.03: Jon Magne Bogevik

I staden møtte:

Magda Haugen

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Ramsli, kommunekasserar Eikestad og ass.adm.sjef Våge.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 21. november 2003

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent slik den ligg føre med følgjande endring: Sak 51/03 vert handsama før sak 50/03. Tilleggsak 52/03 Frøland skule – utbetring av manglar , finansiering vert handsama etter sak 50/03.

UTVALET SITT KVARTER:

Helge Reistad stilte spørsmål om kor tid saka om Stolpane skulehus skal handsamast på nytt, samt etterlyste melding av kommunestyrevedtaket til S.Aadland. Han etterlyste og avtale med Kvåle om ættesoge.

Administrasjonssjefen oriterte om at sak Stolpane skulehus vert lagt fram til handsaming i kommunestyremøtet 11.12.03. Dette vil det verta gitt melding til grendalaget v. Svein Aadland om. Det vert arbeidd med avtale knytt til Kvåle.

Brigt Olav Gåsdal stilte spørsmål om tidsbruken på reguleringsplanarbeidet på Ådland. Naturutvalet skal handsama saka på første møte 25.11.03. Det vert lagt opp til synfaring på området, og representantar for planframstillar er varsla slik at dei har høve til å vera med. Han orienterte om at det ville vera mogleg å få tilgang til brukte veglyslampar/armatur frå BKK som evt. kunne nyttast i Haukaneset.

Det vart vist til at veglysa i Haukaneset alt var sett i bestilling, men at me kunne undersøke om det likevel var mogleg å gjera noko i høve til det som vart teke opp.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Personal- og økonomiutvalet skal ha ein representant med i arbeidsgruppa :”skule og barnehagestrukturen”. Denne personen skal også vera leiar. Brigt Olav Gåsdal vart samrøystes vald til å representera PØ.

Ordføraren stilte spørsmål om alle varamedlemmene i personal og økonomiutvalet skulle få utsendt sakpapir til møta. Etter noko drøfting vart det bestemt at kvart parti/gruppering som er representert i kommunestyret bør få sakspapira, men at ein elles held fast på at det er dei to første vararepresentantane som får tilsendt sakspapira.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

| Utvalgssakstype/nr. | Arkivsaksnr. Tittel |
|----------------------------|--|
| 0042/03 | 02/00434 KLOAKKAVGIFT - KLAGE. |
| 0043/03 | 03/00446 VEST-NORGES BRUSSELKONTOR. INNBYDING TIL MEDLEMSSKAP |
| 0044/03 | 01/00421 OMDISPONERING - FONDSAVSETJINGAR. PENSJONSFOND |
| 0045/03 | 03/00088 BUDSJETTENDRINGAR 2003 ENDRA FINANSIERING AV PREMIEAVVIK PENSJON |
| 0046/03 | 03/00155 NY KONSESJON FOR REGULERING AV SAMNANGERVASSDRAGET. DISPONERING AV ETTERBETALING AV KONSESJONSKRAFT |
| 0047/03 | 03/00457 OPPTAK AV HUSBANKMIDLAR TIL VIDARE UTLÅN - STARTLÅN 2004 |
| 0048/03 | 03/00458 KOMMUNALE AVGIFTER 2004 |
| 0049/03 | 03/00460 UTSETJING MED BETALING AV AVDRAG |
| 0050/03 | 03/00307 BUDSJETT 2004 |
| 0051/03 | 03/00463 ØKONOMIPLAN 2004-07 |
| 0052/03 | 03/00193 FRØLAND SKULEHUS - UTBETRINGER AV Huset |

0042/03

KLOAKKAVGIFT - KLAGE.

Handsaming i møte:

B.O.Gåsdal sette fram følgjande framlegg: "Klage frå Tor Drevsjø vert avvist. Det har ikkje kome til noko nytt sidan PØ handsama saka 26.05.03 –sak 25/03."

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Klage frå Tor Drevsjø vert avvist. Det har ikkje kome til noko nytt sidan PØ handsama saka 26.05.03 –sak 25/03

0043/03

**VEST-NORGES BRUSSELKONTOR.
INNBYDING TIL MEDLEMSSKAP**

Framlegg til vedtak::

Samnanger kommune takkar nei til innbyding om å verta medlem av Vest-Norges Brusselkontor.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune takkar nei til innbyding om å verta medlem av Vest-Norges Brusselkontor.

0044/03

OMDISPONERING - FONDSAVSETJINGAR. - PENSJONSFOND

Handsaming i møte:

I møtet i personal- og økonomiutvalet kom det inn informasjon om konsekvensen av budsjettforliket mellom regjeringa og AP. Det inneber at Samnanger kommune får vel 1 million kroner meir i rammetilskot, av desse mest alle ubundne. Utvalet vil etter råd frå administrasjonssjefen nytta det meste av auken i rammetilskotet til å halda oppe pensjonsfondet. Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Tidlegare avsetting til pensjonsfondet kr 757.100 vert ståande.

0045/03

**BUDSJETTENDRINGAR 2003
ENDRA FINANSIERING AV PREMIEAVVIK PENSJON**

Handsaming i møte:

M.Aase sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune endrar finansieringa av premieavvik pensjon. Vedtak i kommunestyrevedtak sak 48/02 vert oppheva, og premieavviket vert betalt over 15 år. ”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune endrar finansieringa av premieavvik pensjon. Vedtak i kommunestyrevedtak sak 48/02 vert oppheva, og premieavviket vert betalt over 15 år.

0046/03

**NY KONSESJON FOR REGULERING AV SAMNANGERVASSDRAGET.
DISPONERING AV ETTERBETALING AV KONSESJONSKRAFT**

Handsaming i møte:

M.Aase sette fram følgjande framlegg:” Samnanger kommune gjer følgjande disponering av etterbetaling av konsesjonsavgifta for tida 1993-02. Kr. 3.807.773 inkl. rente vert ført på knt. 1.1400.3250 konsesjonsavgift, og fordelt på følgjande konti:

Kr. 981.923,- vert ført som renteinntekt på knt.1.1400.3250.9000

Kr. 2.825.850,- vert avsett på næringsfondet knt. 1.1400.3250.8770.”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune gjer følgjande disponering av etterbetaling av konsesjonsavgifta for tida 1993-02. Kr. 3.807.773 inkl. rente vert ført på knt. 1.1400.3250 konsesjonsavgift, og fordelt på følgjande konti:

Kr. 981.923,- vert ført som renteinntekt på knt.1.1400.3250.9000

Kr. 2.825.850,- vert avsett på næringsfondet knt. 1.1400.3250.8770.

0047/03

OPPTAK AV HUSBANKMIDLAR TIL VIDARE UTLÅN - STARTLÅN 2004

Handsaming i møte:

M.Aase sette fram følgjande framlegg til vedtak:” Samnanger kommune søker om kr. 2.000.000,- i opptak av Startlån til vidare utlån for 2004.”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune søker om kr. 2.000.000,- i opptak av Startlån til vidare utlån for 2004.

0050/03

BUDSJETT 2004**Framlegg til vedtak::**

Framlegg til budsjett for 2004 dagsett 03.11.03 vert vedteke slik det ligg føre.

Handsaming i møte:

Som fylgje av inngått forlik mellom regjeringspartia og AP får Samnanger kommune auka overføring over rammetilskotet på kr 1.055.000. Av dette er kr 98.000 knytt til utvida undervisningstimetale i grunnskulen.

Administrasjonssjefen la i møtet fram eit alternativ framlegg til budsjett der desse midlane er disponerte. Det er sett av midlar til frikjøp av hovudverneombod og hovudtillitsvald fagforbundet med til saman kr 57.000. Midlane vert førebels sett på konto for tilleggsløyvingar. Vidare er inntektene frå eigedomsskatten sett ned med kr 43.000 i tråd med endra takstgrunnlag. Bruk av pensjonsfondet til saldering av driftsbudsjettet - Kr 757.000 – vert teke ut. Det vart og gjort framlegg om å auka inntektene frå konsesjonsavgift i samsvar med siste meldingar. Denne summen skal avsetjast til fond.

Utvalet slutta seg samrøystes til desse endringane.

Utvalet var og samde om å auka kulturbudsjettet med kr 25.000.

Når det gjeld kapitalbudsjettet, var det semje om å sette av kr 500.000 til tiltak i reguleringsplanen for Ytre Tysse utan at det er bestemt kva konkrete tiltak som skal prioriterast. Det vart sett av kr 50.000 til vidare utvikling av Fossen Bratte.

Vedtak:

Framlegg til budsjett for 2004 dagsett 03.11.03 vert samrøystes vedteke slik det ligg føre med fylgjande endringar:

Driftsbudsjettet

| | | |
|---|----|-----------|
| Konto nr. 1.1500.3851.4701 tilskot samfunnshus vert sett opp med | kr | 25.000 |
| Konto nr. 1.9000.8400.8000 rammetilskot vert auka med | kr | 1.055.000 |
| Konto nr. 1.2000.2020.0100 skule vert auka med | kr | 98.000 |
| Konto nr. 1.9000.8000.8740 eigedomsskatt vert sett ned med | kr | 43.000 |
| Konto nr. 1.9002.8800.9400 bruk av disposisjonsfond vert sett ned med | kr | 757.000 |
| Konto nr. 1.1200.1800.4900 tilleggsløyvingar vert sett opp med | kr | 132.000 |
| Konto nr. 1.1400.3251.4702 Fossen Bratte vert sett opp med | kr | 50.000 |
| Konto nr. 1.1400.3251.9400 Bruk av næringsfondet | kr | 50.000 |

Kapitalbudsjettet

| | | |
|---|----|---------|
| Til funksjon 0.1600.3002 Ytre Tysse vert det løyvd | kr | 500.000 |
| Finansiert ved bruk av næringsfondet 0.1600.3002.9400 | kr | 500.000 |

0051/03

ØKONOMIPLAN 2004-07

Framlegg til vedtak::

Framlegg til økonomiplan for 2004 – 2007 dagsett 11.11.03 vert vedteken slik han ligg føre.

Handsaming i møte:

Med bakgrunn i forliket mellom regjeringspartia og AP om statsbudsjettet for 2004 og med drøftingane i personal- og økonomiutvalet 17.11.03 utarbeidde administrasjonssjefen eit nytt framlegg til økonomiplan driftsbudsjett – økonomiplan 2004 – 2007 dagsett 18.11.03. Denne taldelen med fylgjande presisering vart lagt til grunn for utvalet si endelege handsaming.

1. Framlegg til økonomiplan inneber at det f.o.m. 2005 må gjennomførast reduksjonar i driftsnivået i kommunen. Med utgangspunkt i samanlikningar av driftsutgiftene våre innan dei ulike tenestene samanhalde med andre kommunar, skal det arbeidast for å finna fram til kostnadssparande tiltak særleg innan skule og legevakt.
2. Det må arbeidast vidare med å finna fram til tenlege interkommunale ordningar.

Utvalet slutta seg til framlegg til økonomiplan av 18.11 med dei prioriteringane som var lagt inn som føresetnad frå administrasjonssjefen i salderinga av økonomiplanen.

Brigt Olav Gåsdal sette fram slikt framlegg til kapitaldelen av økonomiplanen:

Pga. usikre kostnadsoverslag vel utvalet å prioritera følgjande tiltak på kapitalbudsjettet utan at dei no vert tidfesta. Desse tiltaka vert prioriterte:

- Opprusting av Ytre Tysse – primært avløp
- Basseng/skule/barnehage. Jfr. arbeidet med skule- og barnehagestruktur
- Tiltak for funksjonshemma

Brigt Olav Gåsdal sette og fram slikt tillegg til økonomiplanen:

Vedlikehald av vegane og kommunale bygg er tapar i budsjett og økonomiplan. Dette fører til stor verdireduksjon og vil i si tid føra til store kostnader til reparasjon og opprusting.

Utan vesentleg auke i vente i inntektene våre, må driftsutgiftene til kommunen i løpet av økonomiplanperioden vriast over frå tenesteyting til vedlikehald. Dette for å oppretthalda verdiane i bygg og vegar. Vinst av evt. sal av kommunale bygg må og nyttast til vedlikehald/opprusting av kommunale bygg.

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegga frå Brigt Olav Gåsdal.

Personal- og økonomiutvalet drøfta fylgjande problemstillingar i høve til økonomiplan utan at det vart teke endeleg stilling.

1. Stolpane skulehus – ønskje om å få gjera noko med saka i 2004. Evt. løyving må takast opp i samband med handsaming av saka i kommunestyret 11.12.03.
2. Kommunale vegar – ønskje om at fleire av desse kan omklassifiserast til privat veg. Dette krev opprusting.
3. Veglysk på private vegar – ønskje om at administrasjonen greier ut kostnaden med dette med tanke på innsparing ved at ansvaret til dei som eig vegane.

Vedtak:

Framlegg til økonomiplan for 2004 – 2007 dagsett 18.11.03 vert vedteke med fylgjande tillegg:

- Framlegg til økonomiplan inneber at det f.o.m. 2005 må gjennomførast reduksjonar i driftsnivået i kommunen. Med utgangspunkt i samanlikningar av driftsutgiftene våre innan dei ulike tenestene samanhalde med andre kommunar, skal det arbeidast for å finna fram til kostnadssparande tiltak særleg innan skule og legevakt.
- Det må arbeidast vidare med å finna fram til tenlege interkommunale ordningar.

Pga. usikre kostnadsoverslag vel utvalet å prioritera følgjande tiltak på kapitalbudsjettet utan at dei no vert tidfesta. Desse tiltaka vert prioriterte:

- Opprusting av Ytre Tysse – primært avløp
- Basseng/skule/barnehage. Jfr. arbeidet med skule- og barnehagestruktur
- Tiltak for funksjonshemma

Vedlikehald av vegane og kommunale bygg er tapar i budsjett og økonomiplan. Dette fører til stor verdireduksjon og vil i si tid føra til store kostnader til reparasjon og opprusting. Utan vesentleg auke i vente i inntektene våre, må driftsutgiftene til kommunen i løpet av økonomiplanperioden vriast over frå tenesteyting til vedlikehald. Dette for å oppretthalda verdiane i bygg og vegar. Vinst av evt. sal av kommunale bygg må og nyttast til vedlikehald/opprusting av kommunale bygg.

0052/03

FRØLAND SKULEHUS - UTBETRINGER AV HUSET**Framlegg til vedtak:**

Samnanger kommune løyver inntil kr 7.000 til naudsynte utbetringar av Frøland skulehus for at skulebygningen skal kunne nyttast til næringsføremål. Midlane skal primært nyttast til istandsetting av det elektriske anlegget og til utvendig vedlikehald.

Sidan bygget no skal nyttast til næringsføremål, vert utgiftene dekkja ved bruk av næringsfondet.

Handsaming i møte:

Utvalet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Samnanger kommune løyver inntil kr 7.000 til naudsynte utbetringar av Frøland skulehus for at skulebygningen skal kunne nyttast til næringsføremål. Midlane skal primært nyttast til istandsetting av det elektriske anlegget og til utvendig vedlikehald.

Sidan bygget no skal nyttast til næringsføremål, vert utgiftene dekkja ved bruk av næringsfondet.